



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klage på dispensasjon for riving og oppføring av fritidsbustad på gnr. 137 bnr. 150 i Alver kommune.

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 29.01.2021. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formål og frå byggje- og deleforbodet i strandsona for ovanfornemnde tiltak.

Alver kommune gav i administrativt vedtak 12.07.2020, saknr. 689/20 avslag på søknad om dispensasjon.

Arkoconsult klaga på vedtaket på vegne av tiltakshavar i brev datert 12.08.2020.

Utval for areal, plan og miljø tok klagen til følge og gav dispensasjon for oppføring av fritidsbustad i møte 11.11.2020, sak 150/20

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland, no Statsforvaltaren i Vestland, i brev datert 21.11.20120.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 20.01.2021, i sak 007/21, og klaga vart ikkje teken til følge.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 02.12.2020.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesaka.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestatsforvaltaren etter oppnemning.

Med helsing



Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG

Siv Henanger Våganeset 36 A 5106 Øvre Ervik